

# PROTOKOLL

|                                  |  |                         |
|----------------------------------|--|-------------------------|
| <b>REGIONUTVALG MIDT-NORGE</b>   |  |                         |
| <b>Møtested:</b>                 | Quality Airport Hotel Værnes, Stjørdal   |                         |
| <b>Dato/tid:</b>                 | Tysdag 01.11. kl 11 – onsdag 02.11 kl 15   | <b>Protokoll: 02/16</b> |
| <b>TIL STEDE:</b>                |  |                         |
| <b>Arbeidsutvalg Midt-Norge:</b> | Ragnar Omli, Olav Håkon Ulfsnes, Arnt Ove Løvås, Kolbjørn Frøseth, Ragnar Valstad, Rigmor Hustad og Trude Sandstad Eldnes.   |                         |
| <b>Regionutvalg Midt-Norge:</b>  | Kari Anne Sklett, Sigmund Johansen, Åge Guddingsmo, Kari-Anne Grandaunet Jensen, Tone Sklett, Gjermund Aglen, Per Olav Martinsen, Konrad Moum, Lisbeth Aassve, Andreas Elnan, Jostein Omli, Line Torill Fjellheim, Anders Røflo, Frode Fredly, Jørgen Baumfelder, Torfinn Sivertsen, Karstein Aksnes, Tore Moksnes, Tomas Vik, Ragnar Valstad, Håkon Fiskvik (dag 1), Åge Grenne (dag 2), Tore Tvette, Ingrun Sivertsen, Geir Håvard Valstad, Fridtjov Skjerve, Arve Okkenhaug, Olav Hagerup, Kjell Joar Sunnset (dag 1), Sissel Langørgen (dag 2), Halvor Braa, Johan Heksem, Ane Aunøien Moen, Astrid Helen Gunnesmo, Bård Tore Berntsen, Trond Selmer Nergaard, Erik Kalstad, Kjell Størkersen, Torbjørn Flenstad, Inge Hårstad, Ann Steen Dolmseth, Steinar Lium, Britt-Sissel Lund, Kristoffer Moan, Knut Byberg, Ole Sigbjørn Iversen, Kari Årvåg Goa, Tore Simonset, Ståle Ansnes, Trine Rein fjell Engdal, Lars Kristian Kvernberg, Per Marius Hafsås, Torill Farstad Vågen, Finn Roger Trodal, Per Magne Tøsse og Jan Edvin Hoem. |                         |
| <b>Valgkomité Midt-Norge:</b>    | Halvor Braa, Stein Aasmund Ørstad, Jan Arne Skarsvåg, Jorunn Gunnerød og Kåre Aakre.   |                         |
| <b>Andre:</b>                    | Jørgen Sæther (vara AU-medlem fjørfe), Ingunn Vinge (årsmøteutsending), Arne Magnus Aasen (sentral valgkomité) og Terje Rømmen (kontrollkomitéen).   |                         |
| <b>Forfall:</b>                  | Ole Ivar Ness, Paul Woxeng Sollid, John Olav Halbostad, Marit Hoff (vara Per Olav Martinsen møtte), Hans Petter Hestmo, Svein Åge Frisendal, Tore Rennan, Tor Martin Eek, Ole Edvard Silderen, Asle Garberg, Ellen K. Syrstad, Jens Gunnar Fløttum (vara Ane Aunøien Moen møtte), Eli Rostad Solhus, Jens Harald Steen (vara Britt-Sissel Lund møtte), Stein Heggset (vara Tore Simonset møtte), John E. Fiske (vara Ståle Ansnes møtte), Lars Konrad Bolli (vara Per Magne Tøsse møtte), Jorunn Karin Kvernen, Ivar Wang og Kristin Waagen.   |                         |
| <b>Konsernstyret:</b>            | Trine Hasvang Vaag og Inger-Lise Aarrestad Rettedal  |                         |
| <b>Administrasjonen:</b>         | Lisbeth Svendsen, Roy Albertsen, Arnodd Kjenstadbakk, Silje Laugsand Pynten, Bjørn Wæhre, Brit Våga og Brit Kari Eidseflot Hauger  |                         |
| <b>Referent:</b>                 | Brit Kari Eidseflot Hauger   |                         |

| Sak nr | Sak  |
|--------|--|
| 1      | <p><b>Konstituering av møtet</b></p> <p>Olav Håkon Ulfsnes ynskete velkommen og føretok opprop.</p> <p>Ingen merknader til innkalling og sakliste.</p> <p><b>Vedtak:</b><br/> <b>Innkalling og sakliste vart godkjent.</b><br/> <b>Ann Steen Dolmseth og Gjermund Aglen vart valt til å godkjenne protokoll saman med møteiar.</b></p> |

|                 |  |
|-----------------|--|
| <p><b>2</b></p> | <p><b>Regionutvalsleiar sin tale</b></p> <p>Ragnar ynskta særleg velkomen nye i RU og ansatte som set av tid til deltaking. AU har siste året m.a. hatt fokus på sal, kontakt med andre samvirkeorganisasjonar og faglag, og innspel til Vedtektskomitéen. Gledeleg med auka aktivitet i kretsane. I tilførselsarbeidet er det viktig å ha gode prognosar på tilførslane av storfe. Utfordrande på kylling i Midt-Norge. Rom for omstilling til eggproduksjon for nokre kyllingprodusentar. Innsal utanom kjedeavtalene har AU også hatt fokus på.</p>   |
| <p><b>3</b></p> | <p><b>Økonomi- og driftsorientering</b></p> <p>Inger-Lise Aarrestad Rettedal orienterte om resultat pr 2. tertial, konsernresultat, marknadsandelsutvikling for merkevarer, Norfersk og EMV og hovudtala i konsernbalansen. Vidare om Nortura sin nye IT-plattform, som tiltak for å auke konkurransekrafta. Prognose for 2017: Fantastisk respons frå lammeprodusentane i haust, og etter ein veldig god start (+ 866 tonn) har no veksten vorte henta noko inn dei siste vekene og ligg på + 280 tonn. Mogelegheiter innan lam framover. Vidare om marknadssituasjonen for gris, storfe, egg og kylling. Landbruksmeldinga: Forventa innan desember. Felles innspel om marknadsbalansering til jordbruksmeldinga i august frå Nortura og KLF. Varemerkeutvikling med ny merkevarestrategi. Innovasjon.</p> <p>Lisbeth Svendsen orienterte om strategiplanen 2015 – 2017, prioriterte område for Nortura produksjon 2015 – 2017, rett kvalitet til rett tid til lågast mogeleg einingskostnad, samt struktursaker i 2015 – 2017. Ny ekspedisjon på Nortura Malvik skal ha EBITDA effekt på 44,9 mill, investering 137,3 mill, ferdig februar 2017. Brannen ved Nortura Tønsberg i sommar. Kontinuerleg forbetring har stort fokus i drifta. Innovasjonsprosjekt på kjølfrys. Nye produkt. Ny langsiktig avtale om kvitt kjøt med Norgesgruppen. Satsing på lærlingar og fagopplæring.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Åge Guddingsmo, Jostein Omli, Arve Okkenhaug, Kåre Aakre, Kjell Størkersen og Sigmund Johansen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• På grunn av at det vart helde tilbake i etterbetalingsfond og redusert tilleggsytningar i fjor, burde vel resultatet vore justert?</li> <li>• Kwart år sagt at det vert sett i verk tiltak for å styrke merkevarene. Slaget er tapt mot EMV. Bør skilje ut slakt som er fôra på norsk råvare i egne merkevarer.</li> <li>• Skifte av IKT-plattform gjev store utfordringar i andre selskap, det må takast høgde for det, jf Statoil. Bruk tid og ressursar på prosjektet, kostbart når det ikkje fungerer.</li> <li>• Stadig mindre Gilde og Prior-produkt i butikk. Må lage aksjon der vi produsentar etterlyser varer vi ikkje finn. Ha nettside der vi kan registrere kva butikkar vi har etterspurt varer i?</li> <li>• Må produsere det forbrukar etterspør, som grasfôra kyr og lam frå fjellbeiter, med norsk opprinnelse og helsefokus. Skeptisk til IKT-vedtaket, med outsourcing av norske arbeidsplassar for eit selskap som fokuserer på norsk råvare og produksjon.</li> <li>• Mykje fokus på volum og effektivitet. Er det ingen andre vegar å gå, meir lokalt med mindre anlegg?</li> <li>• I vedtektene står det at alt kjøtet skal leverast til Nortura. Vert det teke omsyn til mogelegheita for å kjøpe tilbake til eiga foredling og sal? Blå næring brukar mykje ressursar på å få ungdomar til å søke seg dit. Kva vert gjort i Nortura på det?</li> </ul> <p>Inger-Lise og Lisbeth kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> <p><b><u>Vedtak:</u></b><br/> <b>Regionutvalet tek driftsorienteringa til orientering.</b></p> |

|                 |   |
|-----------------|---|
| <p><b>4</b></p> | <p><b>Orientering om status kylling i Midt-Norge</b></p> <p>Trine Hasvang-Vaag orienterte om avtalen med Norgesgruppen på kvitt kjøt. Det er fortsatt dialog med Rema om samarbeid i Midt-Norge. Status omstilling/avvikling for kyllingprodusentar i Midt-Norge.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Arve Okkenhaug</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sterkt uroa over at Nortura ikkje er komne lenger. Har Nortura tenkt på ein plan B, dersom det ikkje vert avtale med Rema? Elverum er ikkje berekraftig.</li> </ul> <p>Trine kommenterte og svarte på spørsmålet.</p>   |
| <p><b>5</b></p> | <p><b>Tema: Nortura sin strategi for regionale matspesialitetar</b></p> <p>Bente Avseth- Bakke frå Kjøttcompagniet orienterte om bakgrunnen for etableringa, med trend med auke i matspesialitetar. Er eiga forretningseining, og skal vere ein effektiv og fokusert mangfoldsmodell. Oversikt over sortiment. Vegene framover med konkrete prosjekt. Kjøttcompagniet skal baserast på samarbeid, alliansar og nettverk. Mogelegheiter i Midt-Norge. Nortura stiller med 2 av 3 produkt i finalen innan Årets kjøt.</p> <p>Inger-Lise orienterte om vegen fram til Klosterlam – som eit eksempel på regional matspesialitet.</p> <p>Kåre Storevik orienterte om at vi endeleg har fått augene opp for norsk matkultur og identitet, og nordmenn er generelt opptatt av kvar maten kjem frå. Korleis PROFF jobbar med lokalmat. Vi har 30 anlegg spreidd rundt heile landet, med fagfolk som brenn for kjøt – og vi brukar det for alt det er verdt. Malvik produserer «Illegal burger», med lokalt hamburgerkjøt frå Trøndelag. Gilde Midt har 30 varelinjer. Superior lam frå Trollheimen. Edelgris frå Innherred. Stykkevis &amp; Delt-konsept. Mattid som nytt matkassekonsept. Framtida for lokalmat kan vere område og stykningsdelar/rase.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Kjell Størkersen, Ragnar Valstad, Jostein Omli, Konrad Moum og Ragnar Omli.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis vert produsentane kontrollert som leverer til grasfôra kyr, med omsyn til kraftfôr/grasfôr?</li> <li>• Vert konseptet Sommarlam gjeve tilgang til i Midt-Norge? Er fjell-lam eit konsept? Kan grasfôra lam vere eit konsept?</li> <li>• Kor lite kan eit konsept vere for å vere aktuelt?</li> <li>• Er auka pris til produsent for konsept aktuelt?</li> <li>• Korleis vert det tenkt om samhandling mot daglegvare?</li> </ul> <p>Bente, Inger-Lise og Kåre kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> |
| <p><b>6</b></p> | <p><b>Separate møter for kvart dyreslag</b></p> <p>AU-medlemene for kvart dyreslag orientere frå fagutvala sine, og deretter vart aktuelle saker tatt opp og drøfta.</p>  |
| <p><b>7</b></p> | <p><b>Ny Giv i kretsarbeidet</b></p> <p>Brit Kari orienterte om forslaget, som var utsendt på førehand.</p> <p><u>Spørsmål/kommentar</u> frå fylgjande: Jørgen Baumfelder</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Godtgjersle: Bør få full godtgjersle for det vi gjer, inkl kretsleiar. Mykje arbeid å førebu aktiviteter, som vi ikkje får betaling for i dag. Må ha avløysar. Pilot: Ganske godt i gang</li> </ul>  |

med Frosta, Levanger og Verdal.

Gruppeoppgåver:

A. Vil framlegget om "Ny Giv i kretsane" bidra til auka tilførsjar og medlemstilfredsheit? Er det andre tiltak som kan gjere dette på ein betre måte?

B. Korleis betre samhandlinga mellom AU-medlemmane og deira ansvarskretsar?

C. Er du og din krets interessert i å vere pilotområde? Viss ja, ynskjer du at kretsutvalet arbeider åleine om dette, eller vil det vere tenleg at de samarbeider med andre kretsar? I så fall kva geografisk område bør samarbeide?

Oppsummering frå gruppearbeidet, som vart presentert av AU-medlemmane:

**Kretsane 41 Værnes, 42 Malvik/Trondheim/Klæbu/Melhus/Skaun, 43 Holtålen/Midtre Gauldal, 44 Oppdal/Rennebu**

- A:
  - Meir involvering av kretsutval i aktivitetar, dårleg info i dag frå adm. Gje tilhøyrgheit.
  - Tverrfagleg samarbeid og koordinering mellom organisasjonane i landbruket om aktivitetar
  - Kompetansebygging i kretsutvalet viktig for å skape interesse
  - Betre kontakt mellom AU og kretsane, for høyring og info om kva det vert jobba med i AU
  - Positivt med årshjul, viktig for å halde arbeidet i kretsane i gang.
  - Godtgjersle viktig, men ikkje avgjerande
- B: Naturleg betring med årshjulet, med betre kontakt og info begge vegar
- C: Interessant, samhandling mellom kretsane. Krets 43 og 44 mest aktuelt. Krets 41 og 42 ikkje så gira.

**Kretsane 30 Lierne/Namsskogan/Røyrvik, 34 Snåsa, 36 Steinkjer/Verran, 37 Inderøy/Mosvik**

- A: Vil ikkje auke tilførsjar og medlemstilfredsheit. Fagлага bør koblast til møter i kretsane. Tenke enkelt, møte bønder der dei er.
- B: Invitere AU til møta, og AU kontakte kretsane
- C: Ikkje gira på pilot

**Kretsane 38 Verdal, 39 Frosta, 40 Levanger**

- A:
  - Usikker på om det vil gje Ny Giv
  - Møter for å møtast er ikkje fruktbart, må ha konstruktive møter
  - Kommunikasjon mellom AU og kretsane, og kretsane og eigarane er viktig, slik at alle er informert om årshjulet
  - Få som vil gjere alt på dugnad, så betaling etter innsats er fornuftig for kretsstyret. Aktivitetar kan også leggest opp mot kvarandre, for å vere rasjonell.
- B: E-post mellom AU og RU, og mellom kretsutvala er viktig for å oppdatering om info og planlagde aktivitetar
- C: Ja

**Kretsane 31 Ytre Namdal, 32 Sentrale Namdal, 33 Namsos/Fosnes, 35 Osen/Namdalseid/Flatanger**

- A:
  - Delte meiningar, usikkerheit om pålagde faste møter, andre meiner det er god hjelp i modell med klare føringar til kretsarbeidet. Håp om meir aktivitet på

nybrukarbesøk.

- Viktig med samarbeid på tvers av samvirke og faglag, er mykje same folket
- Tillitsvalgtskulen kanskje ikkje berre vere for nye, men oppfriskingskurs også, mogelegheit for arena til å møtast og betre kontakt mellom kretsane
- Uklart formål med møtet etter årsmøtet
- B:
  - Positivt å treffast på RU-møtet, setje av tid til møter med ansvarskretsane.
  - Forslag om å bruke Min side for info om kven som er kretsleiar
- C: Ytre Namdal positiv til pilot. Resten positive, men avventande.

**Kretsane 47 Roan/Åfjord, 48 Bjugn/Ørland, 49 Fosen sør:**

- A:
  - Dess større krets, dess mindre folk.
  - Samarbeid ml faglaga. Delta på Bondekafe med vekt på det sosiale, men også fag.
  - Saknar områdesjefen, ein ansatt som kan møte produsent på gardsnivå. På kylling skal rådgjevar ha kontakt med produsent minimum ein gong pr år. Noko å strekke seg etter.
  - Ta vare på dei som er medlemar viktigast, godt fungerande kretsarbeid er eit instrument
- B: Felles treffpunkt, god tid til å prate med folk, utveksle idear. Styrke med god AU-representasjon i kretsarbeidet. Avtalt eit treffpunkt pr år, i forkant av RU-møtet, for å planlegge årshjul.
- C: Fosen kan vere eit pilotområde.

**Kretsane 45 Midt, 46 Porten mot havet, 51 Indre Nordmøre:**

- A:
  - Veldig bra med faste rammer og årshjul. Regelmessige møter i kretsutval for kontinuitet. Vanskeleg med oppmøte pga arbeidsintensiv verksemd, andre jobbar, travelt, same som møter. Nokre synest kretsane er for store, andre at dei er passelege. Store kretsar må rullere på møtestad. Samarbeid med andre faglag positivt. Spørje medlemane om dagmøte eller kveldsmøte. Godtgjersle viktig.
  - Viktig at dei som er leverandørar opplever eit framoverlent og profft Nortura, kan vere dårleg oppleving på tlf eller ikkje svar, som kan føre til at ein dett ut. Viktig å vere proff på dialog med leverandørane, for omdømmebygging og auka tilførslar.
- B: Viktig med 2-sidig kommunikasjon mellom krets og AU-medlem for å vite om kva som skjer
- C: Krets 51 vil vere pilot

**Kretsane 50 Smøla/Aure, 52 Sunndal/Neset/Tingvoll, 53 Hustadvika, 54**

**Kristiansund/Gjemnes/Sandøy/Midsund/Aukra/Molde:**

- A: Forslaget vil bidra til auka tilførslar, dersom årshjulet vert gjennomført. Må bruke dei gode ambassadørane, ikkje dei negative. Ynskjer oppfølgingsskjema for info om fordelane ved samvirke i tilførselsarbeidet og nybrukarbesøk. Treffast til matsservering, som kaffi, frukost og lunsj, gjerne i samarbeid med andre org, kan vere positivt. Tettare oppfølging av bønder som ikkje deltek på arr. Samarbeidsutval i kretsane ml fleire organisasjonar. Møta må ha innhald som treff godt, gjerne mindre rekneskap og meir relevant på fag. Møte på helg kanskje?
- B: Tettare dialog begge vegar. Tema som engasjerer.
- C: Krets 53 og 54 kan vere pilot.

**Vedtak:**

**Innspela frå Regionutvalet oversendast styret.**

|                  |  |
|------------------|--|
| <p><b>8</b></p>  | <p><b>Arbeidet i kretsane</b></p> <p>Brit Kari orienterte om kretsmøteplanen 2017, og oppfordra kretsane til å delta i utforminga av møta. Vidare kort orientering om budsjett.</p> <p>Ragnar oppfordra til kretsaktivitet, gjerne med deltaking frå AU-medleimen som har ansvar for kretsen. Ørland/Bjugn krets vart premiært som aktivt kretsutval i 2016 ☺</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Kolbjørn Frøseth</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva møter vert det prioritert deltaking av Sveinung Svebestad?</li> </ul> <p>Brit Kari svarte på spørsmålet.</p>   |
| <p><b>9</b></p>  | <p><b>Orientering frå Nortura Malvik</b></p> <p>Roy Albertsen orienterte om ny ekspedisjon, kontinuerleg forbetningsarbeid, lærlingar og rekrutteringsarbeid og utrullingsplan NOVA. Cap tech-kjøleteknologi er under utprøving, samt micro-tiner for redusert svinn ved tining. Vidare om effektivitet ved slakting og skjering av storfe og småfe, og tilstedeværelse.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Åge Guddingsmo, Jostein Omli, Sigmund Johansen, Ragnar Omli og Sissel Langørgen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Klarer vi å oppretthalde rett fokus på vedlikehald, med kostnadsfokuset vi har?</li> <li>• Korleis er kapasiteten for storfeslaktinga med forventa auka tilførselar?</li> <li>• Aktuelt med fleire skift? Har vi berre eit skift i dag?</li> <li>• Interessant med ny teknologi, viser at vi er framoverlent. Gi honnør til dei ansatte, vi set pris på den jobben som vert gjort på anlegga. Lite materiell tilgjengeleg til bruk på utdanningsmesser, o.l. om mogelegheitene i Nortura og kva kompetanse som vert etterspurt.</li> <li>• TINE, FK, Allskog og Landbruksrådgevinga har hospitering elevar hos rådgjevarar. Nortura er ikkje med. Prosjektet skal fortsetje eit år til, og Nortura vert med dette invitert til å delta.</li> <li>• Opplæring: Delatt på messe for blå næring, var film der, som kan inspirere Nortura til å gjere noko liknande.</li> </ul> <p>Roy, Lisbeth og Inger-Lise kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> |
| <p><b>10</b></p> | <p><b>Orientering om tilførselsarbeidet i Råvare og Medlem region Midt</b></p> <p>Roy orienterte om endringar i personal på Råvare og Medlem i Midt-Norge, tilførselar og marknadsandelar på dei ulike dyreslaga, arbeidet med å auke storfekjøttproduksjonen, utvikling i ammekutalet og livdyrsituasjonen pr veke 43 i landet. Vidare om arbeidet på gris og småfe, slaktesesongen for småfe på Malvik, auka marknadsandel på småfe på landsplan, færre lam over 23 kg og overfeite lam, industrisal redusert samanlikna med auka sal forøvrig og mogelegheiter innan sal av lam framover. Avslutningsvis om risikovurdering av inntransport og lasting på gard, køyre- og kviletid ved dyretransport og prosjektet BRSV/Coronavirus.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Jostein Omli, Torfinn Sivertsen, Åge Guddingsmo og Bård Tore Berntsen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis føre NRF for å nå kvalitetstilskotet? Er det nødvendig å ha kvalitetstilskotet på såpass høg klasse? Skal levere norske produkt til butikk, dette kjem på kryss av verdiane våre.</li> <li>• Skeptisk til prognosane, fyrst på kylling, så lam og håpar det ikkje skjer ein smell på storfe</li> </ul>   |

|                  |   |
|------------------|---|
|                  | <p>også no.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis er tilførslane av fôringskalv pr veke og månad på denne tida av året?</li> <li>• Dersom slaktehuset Eidsmo Dullum gjev seg med slakting på Oppdal, er det aktuelt med leigeslakting derifrå, og er det kapasitet til det på Malvik?</li> <li>• Kva vert gjort inn mot kjedene for auka sal til neste år? Vil vi finne meir lam i butikkane då? Forventar vi å selje meir lam i 2017? Set vi i gang dei verktøya vi har for auka sal?</li> </ul> <p>Roy, Trine, Arnodd og Lisbeth kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>   |
| <p><b>11</b></p> | <p><b>Lokale saker/open post</b></p> <p>Hustadvika krets hadde på førehand meldt inn spørsmål om kvifor køyring av livdyr vert utsett til fordel for køyring av slaktedy. Finn Roger orienterte, samt tok også opp spørsmål om status for livdyrportalen. Roy svarte.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Bård Tore Berntsen, Kåre Åkre, Ragnar Valstad, Jostein Omli, Tone Sklett, Sigmund Johansen og Ole Sigbjørn Iversen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Forventar lam til grillsesongen i 2017. Aktørane må bidra med å ta ut lam av reguleringslager.</li> <li>• Ynskjer også svin på grillen i 2017.</li> <li>• Fagutval småfe har hatt stort fokus på sal av lam, og vil fortsette å ha det. Ansvar alle for å etterspør produkta våre, og utfordre konkurrentane.</li> <li>• Kvalitetstillegg storfe: Storfe er langsiktig produksjon, og ammeku er bidrag til auka kjøttproduksjon. NRF-kua sentral, og må ha fokus på norskprodusert fôr. Viktig med kva fokus rådgjevarane skal ha.</li> <li>• Kretsane sitt valkomitéarbeid: Fått innspel på at ein aldri har vore så viktig som i valkomité i TINE, vart kalla inn til kurs. Samarbeid med TINE?</li> <li>• Kvalitetstillegget: TYR har påverka for auka produksjon og dette tilskotet. Feil om vi som mjølkeprodusentar skal motarbeide dette, som skal auke storfekjøttproduksjonen.</li> <li>• Kanskje kostnaden vert større enn gevinsten ved å prøve å oppnå O+ på NRF-oksen?</li> </ul> <p>Ragnar, Brit Kari og Arnodd kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> <p>Arne Magnus Aasen frå sentral valkomité oppfordra til å kome med innspel til valkomitéen.</p> |
| <p><b>12</b></p> | <p><b>Avrapportering frå Vedtektskomitéen</b></p> <p>Brit Kari orienterte om forslaget, som var utsendt på førehand.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Jan Edvin Hoem, Olav Håkon Ulfesnes, Kolbjørn Frøseth, Jørgen Baumfelder og Arne Magnus Aasen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vil tilleggsandelsinnskot gje ekstra stemmer?</li> <li>• Endring av formålsparagrafen var innspel frå vår region. Føreslo å forenkle heile formålet. Bakgrunnen er at vi opplever at Nortura har tapt markedsposisjon. Samarbeid med andre samvirkeorganisasjoner for å styrke markedsposisjonen. «Yrkesmessige og samfunnmessige» var ønska pga at det gir ei betre kobling til dei politiske rammene. Ynskjer at RU skal seie noko om det er ynskjeleg at dette takast vidare.</li> <li>• Vedtektskomiteen har vore veldig klar.</li> <li>• Inga tilbakemelding på det som vedtektskomiteen har sagt.</li> <li>• Spørsmål til sentral valgkomite: tre år høyrrest lenge ut dersom det er uenighet.</li> <li>• Viktig at vi tenker igjennom kva vi ynskjer oppnå, ein treng gjerne eit år på å bli godt kjent. Vil advare mot at folk skal velgast for eit år. Valkomiteen skal kun komme med forslag til årsmøte.</li> </ul>   |

|                  |  |
|------------------|--|
|                  | <p>Brit Kari kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> <p><b>Vedtak:</b><br/><b>Ingen merknader til vedtektskomitéen sitt forslag.</b></p>   |
| <p><b>13</b></p> | <p><b>Kjøtbransjen vert kraftig utfordra i klima- og helsedebatten. Korleis møter vi dette for å klare å selje kjøt også i framtida?</b></p> <p>Eskil Pedersen presenterte ei betraktning rundt matproduksjon, Nortura sine viktigaste omdømmedrivarar, etikk og samfunnsansvar har størst effekt på omdømmet, folk sine assosiasjonar til Nortura er rasjonelle, og liten tilbakegang på omdømmet for samvirka. Dersom vi styrker Rep Trak-omdømmet med 5 poeng, vil 6 % fleire kjøpe produkta våre. Styrka Rep Trak score gjev sals- og EBITDA-effekt. Interessentane set rammene for omdømmet. Arenaer i samfunnsdebatten som berører Nortura no og framover. Samfunnslisensen til Nortura føreset ein del punkt. Overordna selskapskommunikasjon, med føresetnader i endring. Grøn bølge med helse, bærekraft og dyrevelferd. Nortura sitt mål for ønska etterlatt inntrykk. Norturamodellen og kommunikasjon.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Trine Hasvang Vaag, Sigmund Johansen, Kåre Åkre, Ole Sigbjørn Iversen, Sissel Langørgen, Kjell Størkersen og Jorunn Gunnerød.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva gjer vi for å samle næringa om å motverke synet på at reduksjon av kjøtforbruk er ledd i å betre klimaet?</li> <li>• Er det eit problem å fremme merkevarene våre Gilde og Prior, sidan vi no skal framheve Nortura meir?</li> <li>• Vi vert sannsynlegvise ikkje dårlege av å ete utanlandsk kjøt. Korleis skal vi få politikarar til å forstå at det må fremmast norsk kjøt?</li> <li>• Kva monnar eit kjøtfri dag mot flyreiser, kle, osv? Vi må informere forbrukarane meir om at vi skal ta ansvar, men grep må gjerast der det monnar mest.</li> <li>• Ikkje så redd for kjøtfri dag, for det handlar om bevisstgjerjing av forbrukar. Få heller fram at forbrukar må verte bevisst å kjøpe og ete norsk kjøt.</li> <li>• Identitet er knytt opp til det vi konsumerer. Må vere status å konsumere mest mogeleg rett. Utfordre Nortura til å gå på Felleskjøpet for den vannvittige soyaimporten til husdyrfôr.</li> <li>• Meiner det skal stå Gilde på pakningane, for dersom eg kjøper Folkets er eg då garantert norsk råvare? Får eg som eigar like mykje attende dersom forbrukar kjøper Gilde framfor Folkets?</li> <li>• Avhengig av å selje dei produkta vi har, og strategi på kjedetilpassa produkt. Til eigarane viktig å promotere merkevarene Gilde og Prior, og etterspør varene i butikkane. Er viktig for økonomien for oss som eigarar.</li> <li>• Kommunikasjon og strategi: Eg har som mål å selje meir lammekjøt, men det er rovdyrutfordringar, eldste aldersgrupper et lam, osv. Korleis kommunisere til yngre, for å skape marknad i marknaden?</li> </ul> <p>Eskil kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> |

Ragnar Omli  
(sign.)

Ann Steen Dolmseth  
(sign.)

Gjermund Aglen  
(sign.)